



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Ørstafjord og Vartdalsfjord.
Dato: 25.06.2020
Møtet starta Kl. 08.30
Møtet slutta Kl. 11.15

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Jetmund Øye	Nestleiar.
Tore Thon	Medlem.
Sylvi Gulla Hovdenakk	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Hilde Aambakk	Medlem.

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Frå Vest kontroll//andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

Namn	Stilling
Stein Aam	Ordførar. I sak 32.
Wenche Solheim	Kommunedirektør. I sak 32.

SAKLISTE

- SAK 25/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 26/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 27/20 MELDINGAR
- SAK 28/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 29/20 HABILITET VED VEDTAK OM LOKALISERING AV BARNEHAGE
- SAK 30/20 AVGJERD AV SPØRSMÅL OM FOLKEVALD SIN HABILITET
- SAK 31/20 INVERSTEINGSPROSJEKT
- SAK 32/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP
- SAK 33/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING – SAKA VART TREKT FRÅ BEHANDLING I DETTE MØTET

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	033	16.06.2020	25.06.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 33 vert trekt frå saklista.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Sylvi Gulla Hovdenakk.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	049	16.06.2020	25.06.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 17.04.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 17.04.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	033&17	15.06.2020	25.06.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	033&58	16.06.2020	25.06.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside -

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&> og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:		03.06	
Arbeidsmiljøutvalet:	06.02	19.05	
Eldrerådet:	04.03	20.05	
Formannskapet:	01.04	28.04	03.06
Formannskapet som klageutval:			
Formannskapet som klageutval for klientsaker og barnehageopptak:	27.02	28.04	
Kommunestyret:	13.02	07.05	
Landbruksutvalet:	03.02	06.04	11.05
Levekårsutvalet:	11.03	22.04	27.05
Råd for likestilling av funksjonshemma:	10.03	19.05	
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:		10.06	
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt:	24.02	29.05	
Samfunnsutvalet:	31.03	29.04	26.05
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd:			
Ungdomsrådet:	23.01	06.05	
Valstyret:			
Vilt- og innlandsfiskerinemnda:			
VØR IKS Styret	04.02	24.03	09.06
VØR IKS Representantskapet		28.04	
VØR IKS Klageutvalet			
Retura Søre Sunnmøre AS			

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	042	18.06.2020	25.06.2020	KK / JS

HABILITET VED VEDTAK OM LOKALISERING AV BARNEHAGE

Samrøystes uttale til kommunestyret

I kommunestyresak nr. 30/20 vart spørsmål om kommunestyremedlem sin habilitet avgjort av ordførar og kommunedirektør.

Kontrollutvalet vil påpeike at desse spørsmåla skal avgjerast av kommunestyret sjølv, jfr. forvaltningslova § 8 andre ledd.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Bakgrunn og spørsmålsstilling

I møte den 07.05.2020, sak nr. 30/20, behandla kommunestyret sak om oppretting av nye barnehageplassar frå hausten 2020. Det vart, i tråd med det som tidlegare var gjort kjent, opplyst at det ikkje var nok ledige plassar til nye søkjarar som har rett til plass.

I spørsmålet om plassering av barnehageavdelinga på Sæbø sto det mellom bankhuset eller Hjørundfjordheimen som lokaliseringsstad. I eit grunngitt notat gjekk Reidun Mo, seksjonsleiar barnehage, inn for at lokala på Hjørundfjordheimen burde bli valde som det beste alternativet.

Representanten Alexander Riise Olsen bad om å få sin habilitet vurdert, då han hadde fått barnehageplass for sitt barn ved avdelinga.

Det er reist spørsmål om vurderingane og sjølve avgjerda av habilitetsspørsmålet ligg innfor lova sine krav.

Vurderingar

Saka røyser to spørsmål: - saksbehandling og habilitetsavgjerd i kollegiale organ
 - det materielle habilitetsspørsmålet i den konkrete saka

A: Saksbehandling knytt til avgjerda av habilitetsspørsmålet

Inhabilitetsreglane gjeld for alle typar avgjerder i ei forvaltningssak. Dersom ein tenestemann er ugild, kan han korkje til rette saka eller vere med å avgjere ho. Alle i forvaltninga må til ei kvar tid vurdere sitt tilhøve til spørsmålet om habilitet.

I fvl. § 8 tredje ledd heiter det:

«Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild».

Fvl. § 8 andre ledd, første punktum lyder:

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar.

Denne regelen er tolka slik at avgjerda om habilitet i desse til fella må treffast kollegialt, dvs. av organet sjølv. I dette tilfelle vil det seie av det samla kommunestyre.

Av juridisk teori det fram at at det heller ikkje er høve til å delegere denne avgjerda til for eksempel leiaren i det kollegiale organet.

Dette fører til at ein ordførar ikkje har kompetanse, korkje aleine eller saman med kommunedirektøren, til å treffe avgjerda. Dette vil gjelde sjølv om det i dette tilfelle ikkje var framsett påstand frå nokon om at Alexander Riise Olsen var inhabil.

At ordførar og kommunedirektør var dei som avgjorde spørsmålet i medhald av forvaltningslova § 8 var såleis ein saksbehandlingsfeil, då dei ikkje hadde heimel for vedtaket. Det synest likevel ikkje aktuelt at feilen kan medføre at vedtaket blir ugyldig, jfr. fvl. § 41, då feilen vanskeleg kan ha vore avgjerande for innhaldet i vedtaket.

B: Spørsmålet om habilitet for kommunestyremedlemet

Opplysningane i saka kan tyde på at det materielt sett var rett at Alexander Riise Olsen ikkje var inhabil. Det er opplyst at barnehageopptaket var gjennomført tidlegare og at Riise Olsen, uavhengig av den aktuelle saka som var til behandling, hadde fått plass for sitt barn i barnehagen.

Synspunktet kan utdjupast noko nærare på eit generelt grunnlag:

I forvaltningsretten kan det oppstå inhabilitet når det ligg føre særlege tilhøve som svekkjer tilliten til at vedkomande tenestemann eller politikar er upartisk i ei sak, jfr. forvaltningslova § 6 andre ledd.

For å statuere inhabilitet må det ligge føre eit «særegent forhold» i den konkrete saka. Kva som er eit slikt «forhold som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet» må vurderast konkret frå sak til sak.

I departementet sin rettleiar (KRD, Habilitet i kommuner og fylkeskommuner) heiter det m.a.: «At man er i en alminnelig og dagligdags situasjon som mange befinner seg i, vil normalt ikke føre til inhabilitet, fordi det da ikke vil foreligge et særegent forhold. For eksempel blir ikke et medlem av kommunestyret inhabil i skolesaker bare fordi vedkommende har barn i skolen. Men det er heller ikke krav om at forholdet må være helt unikt. Hvis for eksempel en endring av reglene om skoleskyss kan bli til særlig fordel eller ulempe for et bestemt medlem av kommunestyret eller medlemmets barn, kan det måtte betraktes som særegent forhold.»

Det «særegne forholdet» må vere eigna til å svekkje tilliten til at vedkomande er upartisk. Departementet utdjupar dette slik:

«Det må særlig tas hensyn til hvor direkte interesse det er tale om, hvor stor økonomisk og praktisk betydning avgjørelsen vil kunne ha for ham eller henne, hvilken reell betydning det kan ha for sakens utfall at vedkommende fratrer, og i hvilken grad det er tale om en særinteresse.»

Når ein kommunestyrepolitikar berre på generelt grunnlag har vore engasjert i ei sak som han seinare får til behandling som folkevald vil ein til vanleg seie at det ikkje ligg føre eit slikt «særegent forhold». Det ligg i vervet at dei folkevalde skal kunne ta del i den offentlege diskusjonen om saker som dei synest er viktige, flagge standpunkt og støtte aksjonsgrupper m.v., utan å bli inhabil, i alle høve så lenge engasjementet skjer ope.

Lova nemner at det «blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.», jfr. andre ledd i forvaltningslova § 6.

Spørsmålet kan difor falle annleis ut dersom politikaren sjølv har fordel av utfallet i saka. Vurderingstemaet ville då i dette konkrete tilfelle vere kva lokaliseringvalet vil ha å seie for vedkomande politikar personleg.

I denne saka er det derimot ikkje naturleg å drøfte dette spørsmålet nærare opp mot det konkrete saksforholdet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	042	17.06.2020	25.06.2020	KK/JS

AVGJERD AV SPØRSMÅL OM FOLKEVALD SIN HABILITET

Samrøystes uttale til kommunestyret

Kontrollutvalet minner om at det enkelte medlem i kollegiale organ, t.d. kommunestyret, har plikt til å seie frå om tilhøve som gjer at det kan røysast spørsmål om eigen habilitet. På grunnlag av dette er det organet sjølv som avgjer habilitetsspørsmålet, jfr. forvaltningslova § 8 andre ledd.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunestyret behandla i sak nr 30/20 den 07.05.2020 spørsmålet om oppretting av nye barnehageplassar hausten 2020.

Representanten Marit Aklestad tok del i forhandlingar og stemmegiving i saka.

I ettertid har det vorte påpeikt av andre at representanten Aklestad skulle ha informert kommunestyret om at hennar bestemor bur på dei aktuelle bueiningane som var foreslått omgjorde til barnehageplassar.

Aklestad har overfor sekretariatet opplyst at dette ikkje var tale om så nær slekt som forvaltningslova § 6 reknar opp og at ordninga dessutan var kjend for, og klarert med, aktuelle familiemedlemer. Hennar syn er elles at ho ikkje var inhabil i saka.

Vurderingstema

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet konsentrerer seg om saksbehandlinga, utan å ta standpunkt til det materielle habilitetsspørsmålet i det aktuelle tilhøvet.

Likevel bør det nemnast at ved sida av inhabilitet på grunn av slektskap så har forvaltningsloven § 6 andre ledd ein regel om inhabilitet når det ligg føre «**særegne forhold**» som er eigna til å svekkje tilliten til at vedkomande er upartisk.

Saksbehandling knytt til avgjerda av habilitetsspørsmålet

Som nyleg påpeika i ei anna sak for kontrollutvalet gjeld inhabilitetsreglane for alle typer avgjerder i ei forvaltningssak. Dersom ein tenestemann er ugild, kan han korkje legge til rette saka eller vere med å avgjere ho. Alle i forvaltninga må til ei kvar tid vurdere sitt tilhøve til spørsmålet om habilitet. Inhabilitet er i seg sjølv ikkje negativt.

I fvl. § 8 tredje ledd heiter det:

«Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild».

Fvl. § 8 andre ledd, første punktum lyder:

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar.

Vedkomande medlem kan gi uttrykk for kva som er medlemet sitt syn på spørsmålet. Men utover dette kan ikkje medlemet delta i avgjerda, verken i drøftinga av det eller å røyste i saka.

Plikt til å seie frå

Medlemer av kollegiale organ har plikt til å vurdere sin eigen habilitet, og skal i god tid før møtet melde frå om forhold som har betydning for eigen habilitet. Dette er nødvendig for at det skal vere tid til å kalle inn varamedlem,

jf. § 8 tredje ledd. Varamedlemet bør «innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad».

Reglement for Ørsta kommunestyre, vedteke 13.02.2020, sak 10/20

I pkt. 6 som omhandlar Møteplikt, gildskap og teieplikt heiter det m.a.:

«Den som etter koml. § 11-10, og habilitetsreglane i forvaltningsloven kap II er ugild i ei sak, skal ikkje ta del i verken handsaming av spørsmålet om gildskap eller handsaming av saka.

Medlem som har grunn til å tru at han/ho er ugild i handsaming av ei sak, skal melde frå om dette til ordførar og sekretariatet før møtet, slik at vara kan verte innkalla».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	151&86	18.06.2020	25.06.2020	JS

INVESTERINGSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet synest ikkje tilbakemeldinga frå kommunedirektøren gir dekkande svar på årsaka til tilleggsøyvingar på prosjekta og vil vurdere forvaltningsprosjekt innan tilleggsøyving på investeringar, spesielt retta mot tidspunkt for tilleggsøyving sett opp mot framdrift på prosjekt, i Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande planperiode.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Vedtak i kontrollutvalet, sak 10/20 av 24.01.2020:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen utarbeide oversikt over alle investeringsprosjekt over 1 million siste tre åra. Opprinneleg budsjett, tilleggsøyvingar og finansiering må gå fram for kvar prosjekt. Oversikta bør ligge føre innan 20.02.2020.
2. Kontrollutvalet tek standpunkt til om det kan vere grunnlag for ein forvaltningsrevisjon/kontroll på området når oversikta, jf. pkt.1, ligg føre.

Vedtak i kontrollutvalet, sak 15/20 av 02.03.2020:

Kontrollutvalet registrerar at rådmannen ikkje har hatt høve til å gi tilbakemelding på investeringsprosjekt slik utvalet ba om i møte den 03.02.2020. Kontrollutvalet vil be rådmannen gi tilbakemelding på flg. prosjekt så dei har det i god tid før møtet den 17.04.2020:

- Ombygging av inngangen på servicekontoret i rådhuset
- Hovden skule, renoveringa
- Utbygging av Melsgjerde industriområde
- Bygging av Ørstahallen

Utvalet ber om svar på:

1. Kva er opprinneleg løyving og når var den gitt?
2. a. Når vart det gitt tilleggsøyving?
b. Kva vart dekkja av tilleggsøyvinga(ane)?

- c. Kva var økonomisk status då tilleggsøyvinga(ane) vart gitt (var eksisterande løyving allereide brukt opp)?
3. Kva vart den totale løyvinga?
4. Kva vart den faktiske kostnaden på prosjektet?

Kontrollutvalet ber om å få resten av prosjekta til sitt møte 25.05.2020.

Vedtak i kontrollutvalet, sak 21/20 av 17.04.2020:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om eit «kortversjon» på tilbakemelding vedkomande investeringsprosjekt, jf. vedtaket i sak 15/20 pkt. 2, og viser til det som kom fram i møtet.

I møtet

Dagleg leiar refererte frå innhaldet i kommunedirektøren sin e-posta av 15.04.2020 vedkomande kontrollutvalssak 15/20:

*Eg viser til tidlegare svar, og vedtak i kontrollutvalet 02.03.20 der ein ber om detaljert oversikt over alle byggeprosjekt siste tre år. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som kontrollutvalet ber om i tillegg til ordinære byggerekneskap. Vi ber om forståing for at dei kommunale ressursane no må brukast til å handtere ordinære oppgåver, ekstraordinære driftsutfordringar i samband med pandemien og å sette i gong nye prosjekt. Av smittevernomsyn er administrasjonen organisert slik at fleire har heimkontor og ein god del av dei tilsette har også omsorgsoppgåver heime. Kapasiteten er følgeleg noko redusert. Eg ber difor kontrollutvalet vurdere om det er rett å gjennomføre dette no.

Dersom kontrollutvalet framleis ynskjer denne innsikta no, bør utvalet vurdere å prioritere forvaltningsrevisjon til dette arbeidet.»

Kontrollutvalet drøfta tilbakemeldinga og ber kommunedirektøren gjennomføre ein «kortversjon» av kontrollutvalet sitt vedtak i sak 15/20 på dei nemnde prosjekta der flg. går fram: Tidspunkt for løyvinga og tidspunktet for ekstraløyvinga og om prosjektet var starta opp når ekstraløyvinga vart gitt og årsaka til ekstraløyvinga.

Etter dette ligg føre vil kontrollutvalet vurdere om eit forvaltningsprosjekt er aktuelt.

Frå Kommunedirektøren til møtet som skulle vere 25.05.2020, utsett til 25.06.2020:
[Viser til kontrollutvalet sitt vedtak 21/20 der dei bad om ein «kortversjon» av desse investeringsprosjekta:](#)

Ombygging av inngangspartiet på servicekontoret i rådhuset

1. Kva er opprinneleg løyving og når var den gitt?

Prosjektnr 501602 - Ørsta rådhus - ombygging inngangsparti

2016: kr 1.240.000 inkl mva

2017: Kr 3.800.000 inkl mva

Prosjektnr 211003 - Ørsta rådhus - renovering og tekniske anlegg

(Dette prosjektnr har fungert som delfinansiering av prosjnr 501602)

2017: 1.950.000 inkl mva

2018: 9.000.000 inkl mva

2019: 5.000.000 inkl mva

2. Tilleggsøyving

a) Når vart det gitt tilleggsøyving?

b) Kva vart dekkja av tilleggsøyvinga(ane)?

c) Kva var økonomisk status då tilleggsøyvinga(ane) vart gitt (var eksisterande løyving allereie brukt opp?)

Svar på 2 a,b,c: Inga tilleggsøyving er gjeve

3. Kva vart den totale løyvinga?

Total løyving er kr 20.990.000 inkl mva. Dette er summen av prosjektnr 501602 og 211003

4. Kva vart den faktiske kostnaden på prosjektet?

Kostnad ombygging inngangsparti servicekontor og tilgrensande tekniske bygningsfunksjonar rådhuset elles:

Byggerekneskapen er ikkje ferdig, men om lag 13,1 mill inkl mva

Irene Graskopf
Seksjonsleiar eigedom

Hovden skule

1. Kva er opprinneleg løyving og når var den gitt?

Prosjektnr 501607 – Opprusting Hovden skule

2018: kr 5.000.000 inkl mva

Prosjektnr 501859 – Brannsikring skular

2019: kr 1.883.000 inkl mva

Prosjektnr 501708 – Forprosjekt Hovden skule

2019: Restbeløp kr 36.000 inkl mva rebudsjettert og ført til prosjekt 501607

2. Tilleggsloyving

a) Når vart det gitt tilleggsloyving?

Tilleggsloyving 1: K-sak 16/19 den 14.02.2019: kr 432.000,- inkl mva

Tilleggsloyving 2: K-sak 112/19 den 31.10.2019: kr 5.172.000,- inkl mva

b) Kva vart dekkja av tilleggsloyvingane?

Tilleggsloyving nr 1: Ekstra midlar til HCWC garderober

Tilleggsloyving nr 2: Ekstra midlar pga meirarbeid og slutføring av oppgradering, jf k-sak.

c) Kva var økonomisk status då tilleggsloyvingane vart gitt (var eksisterande løyving allereie brukt opp?)

Tilleggsloyving 1: Løyving var ikkje brukt opp, byggearbeidet hadde ikkje starta

Tilleggsloyving 2: Løyving var brukt opp

3. Kva vart den totale løyvinga?

Kr 12.523.000,- inkl mva

4. Kva vart den faktiske kostnaden på prosjektet?

Del 1: Oppgradering tak nedrebygget kr 2.068.000 inkl mva

Del 2: Oppgradering øvrebygget har ikkje avslutta byggerekneskap, men dette vert om lag kr 10.459.000 inkl mva

Irene Graskopf
seksjonsleiar eigedom

Melsgjerdet

Når det gjelder kostnader så er det i perioden 2016-2019 budsjettert inntekt 17.400.000,- der 6.910.000,- er inntektsført i regnskapet. Rest på 10.490.000,- blir inntektsført i 2020 etter de siste opplysninger frå Arnstein Nupen (effektivering av sal av 38 daa til VØR).

På utgiftssida så hadde vi følgende forutsetninger agresso:

Budsjett		Utgift inkl mva	Rest
2016	5.750.000,-	2.776.000,-	+ 2.974.000,-
2017	34.702.000,-	33.422.000,-	+ 1.280.000,-
2018	7.842.000,-	9.069.000,-	- 1.227.000,-
2019	0	281.000,-	- 281.000,-
SUM		45.548.000,-	+ 186.000,-
A konto DNB		2.000.000,-	
SUM eks mva		38.000.000,-	
Grovplanering 15 daa VØR		-7.000.000,-	

SUM eks mva 31.000.000,- (tallet er omtrentlig)

Nå har ikkje eg fått tid til å se på rebudsjetteringssaka for hvert år, så dersom restsummen er rebudsjettert hvert år så er det et teknisk underskudd på 1.508.000,- + Welle tomta 1.232.000,- = 2.740.000,- for perioden 2016-2019. Imidlertid ligger det noen moment som ikkje kommer fram av tallene. For det første blir inntekt på VØR tomta vesentlig større enn forventingen i budsjettet. For det andre ligger det en kostnad for opparbeidelse av VØR tomta på ca. 7 millioner der oppgjøret tas saman med sal av tomta. Altså også inntektsført på 2020 og rest inn i trinn 2.

Av ekstra kostnader nevner eg ca. 1 million for omlegging av FV 655. Prosjektavdelinga til SVV hadde godkjent prosjekteringsgrunlaget, men driftsavdelinga hadde andre krav. Omprosjektering, ombygging og nye krav til busslomme medførte nevnte merkostnad.

Konklusjon: Totalt sett er det min påstand av prosjektet (trinn 1) uansett har holdt seg under budsjett, men at det var urealistisk med inntektspotensiale på 15 mill. i 2016.

Helsing

Ulf Kristian Rognstad

avdelingsleiar Kommunalteknikk Tekniske tenester

Ørstahallen

Prosjektrekneskap for Ørstahallen er under arbeid, og vil verte sendt kontrollutvalet når den er klar.

Oppsummering

Eit forvaltningsprosjekt på vurdering av tilleggsøyving innan investeringar, spesielt retta mot tidspunkt for tilleggsøyving, sett opp mot framdrift på prosjekt må vurderast og prioriterast i Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande planperiode.

Revisor har og kommentert dette i Risikovurdering som vedkjem Plan for forvaltningsrevisjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	217	17.06.2020	25.06.2020	JS

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
 - Tilleggsløyving investeringsprosjekt
 - NAV/økonomisk sosialhjelp
 - Tussa spesielt grunnlag mot utbyttedelen
 - Kvalitet på den økonomiske rapporteringa
 - Beredskap
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).
6. Kommunestyret oppmodar Kommunestyret og kontrollutvalet i Ulstein kommune om å prioritere eit forvaltningsprosjekt innan Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).
7. Kommunestyret oppmodar Kommunestyret og kontrollutvalet i Volda kommune om å prioritere eit forvaltningsprosjekt innan barnevernsområdet.

I møtet

Kontrollutvalet drøfta vedtaket i Kommunestyresak

18/20 den 07.05.2020 står flg. i vedtaket under pkt. 2:

«Dei fleste seksjonane styrer godt og drifrar i balanse. Seksjon helse og velferd har likevel eit årsresultat samanlikna med siste tertialrapport i 2019. Også seksjon omsorg og sjukeheim har eit overforbruk på 4,1 mill.

Kommunestyret er bekymra over dette store meirforbruket, og ber kontrollutvalet sjå på årsakene til overforbruket i seksjon for helse og velferd og kva tiltak seksjonen har gjort for å kompensere for overforbruket.»

Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet kontrolloppgåver, men ikkje forvaltningsoppgåver, noko utvalet meiner vedtaket i kommunestyresak 18/20 minner om.

Eit konsulentoppdrag som dette bør kommunestyret evt. engasjere andre til å gjennomføre.

Vedlegg

1. Overordna analyse, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
2. Risikovurdering, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Saksopplysningar

Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utareide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

Risiko- vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

I avtalen kontrollutvalet har med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS går det fram at dei skal utarbeide overordna analyse og risikovurdering. Desse er lagt ved saka.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentleg selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Koordinering i utføring av prosjekt

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av prosjektplan avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

Selskap

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen.

Det vert vist til dokumenta Overordna analyse (vedlegg 1 til saka) og **Risikovurdering** (vedlegg 2 til saka).

Aktuelle forvaltningsprosjekt

Ut frå dokumenta Overordna analyse og Risikovurdering peikar revisjonen på flg. aktuelle prosjekt (Ikkje prioritert rekkefølge):

Sentraladministrasjon

- Avvik / avvikshandtering (eining/sector)
- Etikk/ Varsling
- Arkiv
- Journalføring/innsyn

Økonomi:

- Økonomistyring og budsjettoppfølging (heile kommunen? helse og velferd?)
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa
- Tilleggsbevilgning - investering
- Innkjøp (eining/sector)

Teknisk

- Sjølvkost vatn og avløp (oppfølgingsprosjekt?)
- Gebyrsatsar VA
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt?)
- Forvaltning av inventar og utstyr.
- Beredskap (ROS-analyse og beredskapsplan)

Oppvekst

- Barnehagetilskot
- Kvalitet i barnehagen (kompetanse, bemanning)
- Avvik / avvikshandtering (barnehage eller skule)
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Mobbing
- Barnevern (oppfølgingsprosjekt?)
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta
- Sakshandsamingstid PPT

NAV/Økonomisk sosialhjelp

- Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp
- Aktivitetsplikt

Helse/ Pleie og Omsorg

- Kvalitet/avviksrapportering (oppfølgingsprosjekt?)
- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (teneste/område?)

Kommunestyresak 18/20 den 07.05.2020 står flg. i vedtaket under pkt. 2:

Dei fleste seksjonane styrer godt og driftar i balanse. Seksjon helse og velferd har likevel eit årsresultat samanlikna med siste tertialrapport i 2019. Også seksjon omsorg og sjukeheim har eit overforbruk på 4,1 mill.

Kommunestyret er bekymra over dette store meirforbruket, og ber kontrollutvalet sjå på årsakene til overforbruket i seksjon for helse og velferd og kva tiltak seksjonen har gjort for å kompensere for overforbruket.»

Revisjonen har kommentert dette i dokumentet Risikovurdering, under under pkt. 1.2 Økonomiområdet, frå sidene 9 og 10.

Kontrollutvalet har i sakene 10 – 15 – 21 og 30 drøfta og bede om opplysningar vedkomande budsjetteringa vedkomande investeringsprosjekt.

Revisjonen har kommentert dette i dokumentet Risikovurdering, under under pkt. 1.2 Økonomiområdet, frå sidene 9 og 10.

Eit eventuelt prosjekt på området må setjast opp og prioriterst i denne planen for forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Prioritering av forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet bør i møtet prioritere og setje opp dei mest aktuelle prosjekta for gjennomføring. Alternativet er behandling i fleire kontrollutvalsmøte.

Plan for eigarskapskontroll

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak for eigarskapskontroll.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Sylvi Gulla Hovdenakk
-medlem-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.